

## Sak 32-19 Referatsaker

Tilråding til vedtak

Styret tar referatsakene til orientering

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:

- Utskrift frå fellesnemnda vedk. forskrifter om renovasjon og slam - slutthandsaming
- Stadfesting på motteken og godkjent årsrekneskap for rekneskapsåret 2018
- Brev av 01.08.19 Ørsta Kommune vedk. avfallscontainer Grøthaugen
- Notat av 28.08.19 vedk. papir og plastposar frå kom.ansv. VØR Ina Saure Osdal med vedlegg frå HRA v. Gunn Johannessen.
- <https://www.dn.no/magasinet/dokumentar/plast/plastforurensning/norsk-gjenvinning/-hvis-forbrukerne-faktisk-hadde-visst-hvor-lite-som-gar-til-gjenvinning-ville-de-ikke-sortert-plastavfallet/2-1-641716>
- Orientering Hornindal – vegar
- Konkurransegrunnlag Melsgjerdet – munnleg orientering



Petter Bjørdal  
Dagleg leiar



**VOLDA KOMMUNE**  
**Servicekontor**

Volda Og Ørsta Reinholdsværk Iks  
Torvmyrane 29  
6160 HOVDEBYGDA

Vår referanse  
19/10877 19/11526

Din referanse

Sakshandsamar  
Sonja Håvik

Dato  
19.06.2019

**Revidering av forskrift om renovasjon og slam - slutthandsaming**

Fellesnemnda for nye Volda har i møte 18.06.2019, sak 37/19, fatta følgjande vedtak:

***Fellesnemnda godkjenner revidert renovasjonsforskrift for Volda og Ørsta kommunar med dei justeringar som gjekk fram i sak 18/19.***

Med helsing

Rune Sjugard

Sonja Håvik  
førstekonsulent

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

Mottakar			
Volda Og Ørsta	Torvmyrane 29	6160	HOVDEBYGDA
Reinholdsværk Iks			
Ørsta Kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA

Kopi til  
Jarl Martin Møller



# Brønnøysundregistra

 VØR VÅR OG DINE INTERESSE	
23 JUL 2019	
ARK.NR.	J.NR. 23620

Organisasjonsnr: 984 068 085  
VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS  
Torvmyrane 29  
6160 HOVDEBYGDA

Dykkar ref.  
AR329169637

Vår ref.  
2019758203

Dato  
22.07.2019

## Stadfesting på motteken og godkjend årsrekneskap for rekneskapsåret 2018

Vi har den 12.07.2019 motteke og godkjend årsrekneskapen.  
Årsrekneskapen er no offentleg tilgjengeleg, jf. rekneskapslova § 8-1.

Du må kontrollere at dei registrerte data er korrekte:

Årsrekneskapen for rekneskapsåret 2018 omfattar perioden frå 01.01.2018 til 31.12.2018.

Verksemda er i denne perioden ikkje registrert som morselskap i konsern.

Dersom opplysningane ikkje stemmer, ber vi om å bli kontakta.

Du kan klage på dette vedtaket. Klagefristen er tre veker frå du tok imot vedtaket. Klageinstansen er Finansdepartementet, men du må sende klaga skriftleg til Rekneskapsregisteret. Det må gå fram kva vedtak du klagar på og klaga må vere grunngitt, datert og underskrive av klagaren. Sjå forvaltingslova §§ 28-32. Du har rett til å sjå dokumenta i saka, men med dei avgrensingane som følger av forvaltingslova §§ 18 og 19.

Gratis tilgang til norske lover finn du på [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no).

Med helsing  
Brønnøysundregistra - Rekneskapsregisteret



Volda Og Ørsta Reinholdsværk Iks  
Torvmyrane 29  
6160 HOVDEBYGDA

Vår referanse  
19/10467 19/12220

Dykkar referanse

Sakshandsamar  
Eldar Rune Øye

Dato  
01.08.2019

## Flytting av avfallscontainerer for fritidsbustadar frå Grøthaugen i Follestadalen

Ørsta kommune viser til at bebuarane på Grøthaugen har eit sterkt ønskje å få flytta avfallscontaineren for fritidsbustadar som er plassert ved reinseanlegget i byggefeltet.


Bebuarane opplever at stålcontaineren er kjelde til forstyrning, støy til ulike tider på døgnet og uro for luktplager og skadedyr. Dei er ikkje nøgde med at dette innsamlingspunktet er plassert i deira bumiljø.

Sommaren 2017 opparbeidde kommunen eit alternativt areal for containeren i Øyadalen, rett etter avkøyrsla frå fylkesvegen. Dette tilbodet gjeld framleis. Vi har forstått det slik at reinholdsværket ikkje ser på denne plasseringa som god, fordi brukarane må endre køyremønster to gongar i løpet av ein relativt kort periode. Reinholdsværket ønskte heller å plassere containeren på strekninga mellom noverande plassering av det nye anlegget, som skal etablerast på Melsgjerdet.

Ettersom brua over til Melsgjerdet er ferdig bygd og veggen inn i industriområdet er opparbeidd og asfaltert, vil kommunen tilby reinholdsværket å plassere containeren der. Då vil brukarane sleppe å endre køyremønster meir enn ein gong. Containeren kan stå i området rett etter brua. Sjå kartutsnittet på neste side. *Containeren må plasserast i samråd med eining kommunalteknikk for å sikre at den ikkje sperrer for mellom anna tilkomst til gardsvegar i området.*

Av omsyn til ulempene bebuarane opplever ber difor kommunen om at containeren vert flytta frå kommunen sitt areal i Grøthaugen til eitt av dei to omtalte alternativa.





Med helsing

Eldar Rune Øye  
assisterende rådmann

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

## Notat 28.08.2019

Emne: Papirposar og plastposar.

I tråd med protokolltilførsel lagt fram i Ørsta kommunestyre og Fellesnemnda for nye Volda der VØR vart bedt om å undersøke moglegheitene for utfasing av plastposar til våtorganisk avfall, har kommunikasjonsansvarleg ved VØR henta inn informasjon frå interkommunale avfallselskap som har nytta og framleis nyttar seg av papirposar.

I dag er alternativet til plastposar bruk av komposterbare/nedbrytbare plastposar (såkalla bioplast posar) og papirposar. Sidan VØR har avtale med SSR og leverer våtorganisk avfall til Mjøsanlegget for produksjon av biogass og biogjødsel, er bioposar, på dette tidspunktet, ikkje relevant å gå nærmare inn på. Slike bioposar er uynskt i anlegget, då desse bryt for sakte ned og blir omdanna til tyggegummi-konsistens i før-behandlinga i biogassanlegget og skapar utfordringar for maskineriet. Kommunikasjonsansvarleg har derfor fokusert på om papirposar kan vere eit likeverdig alternativ til plastposane vi nyttar oss av i dag.

Spørsmålet vi må ha svar på er om papirposar kan tilfredstille dei same eigenskapane som plastposen gir. Det er viktig at posen blir oppfatta som brukarvennleg og hygienisk av abonnenten, og at den har skikkeleg lukkemekanisme og ikkje blotnar opp av våtare matavfall.

Innsamla informasjon stammar frå telefonsamtalar med Sirkula IKS og Hadeland og Ringerike Avfallsselskap AS. Desse har nytta seg av papirposar til innsamling av våtorganisk avfall sidan midten av 1990 talet. Dei respektive avfallselskapa, har hatt to forskjellige erfaringar ved bruk av papirposar. Samtalen med Sirkula IKS blir oppsummert under. Utfyllande informasjon frå Hadeland og Ringerike Avfallsselskap AS blir lagt ved som vedlegg, då vi fekk tilsendt eige informasjonsskriv frå desse ilag med matavfallskorga og papirposane dei nyttar seg av i dag.

### Sirkula IKS

Sirkula IKS er eigd av dei fire kommunane Ringsaker, Hamar, Løten og Stange og handterer avfallet frå ca 41 000 husstandar. Sirkula IKS har levert ut papirposar til våtorganisk avfall til sine abonnentar sidan midten av 1990-talet. Men i 2016 gjekk dei over til plastposar. Kommunikasjonsansvarleg i Sirkula la vekt på at klimarekneskapen er positiv ved bruk av papirposar, men det var ymse utfordringar som gjorde at dei såg eit bytte av posar som nødvendig:

- Papirposane blotna i botnen, som gav utfordringar om vinteren då posane frys fast i behaldaren.
- Dårleg lukkemekanisme.
- Sterkare lukt om sommaren og spesielt med varme temperaturar.

Dei nye plastposane blir oppfatta som meir hygieniske av abonnentane til Sirkula IKS og dei er vurdert som meir nøgde med desse posane.



## **Hadeland og Ringerike Avfallselskap AS (HRA)**

Har 5 eigarkommunar som dekkjer ca 66 000 innbyggjarar. Selskapet starta med papirpose i 4 av 5 kommunar i 1997/1998. Siste kommunen la om til papirposar etter 2009. HRA fekk utvikla eiga korg til våtorganisk avfall saman med Total. Dei nyttar seg av papirposar frå same selskap. Desse bryt ned etter 14 dagar og HRA er særst nøgde med desse.

Kommunikasjonsansvarleg hjå HRA hevdar dei opplever ingen eller særst lite av utfordringane som Sirkula har opplevd med lukt, lukkemekanisme og fastfrysing. Dette er mykje takka vere god og regelmessig kommunikasjon.

- Fastfrysing i matavfallsbeholdar på vinteren, vert motverka når abonnentane blir oppmoda å plassere posen på trammen eller trappa, slik at temperaturen blir stabilisert, før ein legg papirposen i behaldaren.
- Noko lukt er det, men her vert abonnenten oppmoda til å bytte posar jamt og fryse ned matavfall som gir lukt før hentedag (skalldyr).
- Lite utfordringar med lukking på papirpose. Held seg under tømning og transport til anlegg.

HRA legg til grunnlag ca 3 papirposar i veka pr. abonnent og har utdeling av pakke(75 posar i ein) to gongar i året til kvar abonnent. Har eigne telt på anleggsområde der dei lagrar papirposane, då desse tek mykje meir plass enn plastposar. HRA seier at dei har lite klagar på bruken av papirposar i forhold til folketalet. Det generelle inntrykket er at innbyggjarane er nøgde med dagens ordning.

Volda og Ørsta Reinholdsverk As

Viser til hyggelig telefonsamtale og sender som avtalt vår papirpose 70 grams med egenutviklet trådkurv.

**Kort historikk:**

Vi er et avfallsselskap for 5 kommuner og ca 66.000 innbyggere. Vi startet med papirposen 1997/1998 i 4 av kommunene. Den største kommunen - Ringerike ville ha biopose og brukte i det i flere år.

HRA har et biogassanlegg og bioposen blir til lange tråder som surrer seg rundt akslinger og lager tigger. Vi tar imot matavfall fra andre kommuner så den problematikken har vi fortsatt noe av.

Papirposen er avhengig av å stå i et luftig trådstativ fordi posen må ha luft for ikke å bli bløt. Papirposen fungerer ikke i en tett bøtte. Dette visste vi og har kommunisert dette i alle år. I 2009 ville vi endre fra biopose til papirpose for alle innbyggere. Vi satte i gang et prøveprosjekt i et borettslag med 128 leiligheter. Sammen med Totalholding utviklet vi et bedre trådstativ, dette følger vedlagt. Borettslaget ble veldig fornøyd, vi fulgte opp kildesorteringen og fikk avisdekning på overgangen fra biopose til papirpose. Gratis reklame. Samtidig reduserte borettslaget sitt abonnement fra 128 til 66. Det vil si at kildesorteringen ble veldig god for dette borettslaget, og de sparte mye penger på reduksjon av abonnement.

Ny trådkurv ble delt ut til alle husstander ca 28.000. Selvfølgelig er det noen få som klager, med disse ville trolig klaget på noe annet.

Vi tester for tiden en tykkere pose 90 gram fra Total for å bruke i nedgravde renovasjonsanlegg. Dette er en pose som bl.a. er godkjent i Stockholm til bruk i avfallssug. Foreløpig er det ansatte på HRA som tester. Test i nedgrav er ikke igangsatt pga sommerferien. Denne posen er kraftigere i bunn og topp og har en lukkemekanisme. Vår teori er å endre 8 liters posen 70 gram til 90 gram få lukkemekanisme på posen og bruke papirposen i alle typer anlegg. Pr dato brukes det plastpose i nedgravde renovasjonsanlegg. Det blir mer rejeekt med bruk av plastposer, og er absolutt ikke miljøvennlig. Vi får i tillegg plastpartikler i jorda vår.

Ønsker dere en liten pose kan vedlagte 90 gram være et godt alternativ. Jeg vet det finnes en kurv som passer til den posen hos Total. Vi er 2 i husstanden og den lille posen passer perfekt hos oss.

Jeg anbefaler at dere snakker med Jan Jensen i Total Holding. Han vet mye om papirposer og utviklingen - hva som skjer/rører seg i markedet.

Vi som avfallsselskap er jo «forpliktet» til å redusere plastforbruket på samme måte som resten av landet. Med det som bakgrunn tror jeg personlig at deres kunden vil motta papirposen godt. **Men et godt råd er – papirposen må stå i en luftig kurv. Den blir bløt hvis den står i en tett beholder.** Fett trekker ut i posen slik at den ser bløt ut, men tettheten på posen holder. Ikke sett i gang med pairpose hvis ikke en luftig trådkurv følger med ut til kunden.

Lykke til – håper vår anbefaling kan hjelpe. Ta kontakt hvis dere trenger hjelp.

Hilsen  
Hadeland og Ringerike Avfallsselskap AS  
Gunn M. Johannessen

